

ÅRSMELDING 2005

1. SÆRFORBUND

Sunnfjord Kajakklubb er medlem av Norsk Padleforbund

2. STYRE DETTE ÅRET HAR VORE:

- | | |
|----------------------------|-------------------------|
| • Rune Berge | (leiar) (ny periode) |
| • Tove Bjørnseth | (kasserar) (ny periode) |
| • Tore Gjelsvik | |
| • Maren Heinåli | |
| • Frank Zwijnenburg | |
| • Bjørn Henrik Færøy Odøen | (vara) (ny) |
| • Sissel Strømmen | (vara) (ny) |

Då to (ivrige) kandidatar vart fremja som vara, blei begge to tatt med dette året.

3. MEDLEMSTAL

Samla medlemstal (betalande medlemmar) pr. 31.12.2004, var 89 (31 kvinner og 58 menn). Dette er 40 fleire enn i fjar (14 kvinner og 26 menn).

4. MØTEAKTIVITET

Utanom årsmøtet (25/2) har vi hatt tre styremøte, eit medlemsmøte og eit medlemsmøte/årsfest

Nytt av året var arrangering av årsfest/julefest som vart halden på Elvahuset. Der var innslag med biletet og omtale av padling på Svalbard. Dette var spanande og mange fekk nok fart i draumen om å reise dit. Mat og drikke og hyggeleg samvær heldt på til langt på natt. Ei svært vellukka samkome, var omkvedet.

5. VIKTIGE SAKER

Dei siste åra har arbeid med naustet tatt mykje tid. Då naustet no i grove trekk, er ferdig, har det vore vanlege klubaktivitetar som har hatt mest merksem. Som vanlege saker, har vi styra med:

- Organisere fellesturar
- Organisere trening
- Gi nye medlemmar eit introkurs i havpadling og elles arrangere grunnkurs etter behov.
- Arrangere kurs i elvepadling
- Få heimesida til å fungere som kommunikasjonsfora i klubben

6. AKTIVITET I 2003

Naustet og Kajakkane

Som nemnt, var naustet nesten ferdig til sesongen 2004. Men noko sto att. Tor Erik har gjort ein kjempeinnsats med å få lagt inn straum og lys. Ein stor takk til han. Tore har og vore aktiv og fått opp dei siste kajakkbøylane. Geir har æra for at det ser så fint ut rundt naustet vårt. Han er der stadig med grasklippar og gjer det fint. Rune hadde nokre rundar i vinter med å tilpasse dørene som stadig utvida seg og til tider gjorde det både vanskeleg og uråd å kome seg inn. Guttorm har gjort ein nødvendig innsats med å reparere defekte ror på kajakkane. Atter andre har vore i sving på forskjellig vis.

13. mars hadde vi vårdugnad i naustet med opprydding og anna arbeid. Ei stor takk til alle som har tatt i eit tak.

Trening

Torsdagstreningane sto fast også i 2004. Stadig tilslig av nye medlemmar gjorde det kjekt å vere med i sommar. Varierande deltakartal, men på det meste var ein opp i ca 15 deltakarar. Stadig betre, altså.

Vi hadde i 2004 mange spontane, dvs dei var planlagde og tatt initiativet til frå gong til gong, trenings-/leikeøkter i symjehallen. Frå fem til godt over ti personar drassa på kajakkar inn i symjehallen. Moro er det og nyttig å trenere på alt frå å komme seg ut av kajakken ved velt til kammeratredning og rulle. I år har elvepadlarane også sett sitt preg på aktiviteten i symjehallen.

Turar

Vi hadde sett opp desse turane i turprogrammet i 2004 (Turleiar for turen i parentes):

April	Stavøy	(Geir)
Mai	Runde	(Frank)
Mai	Bulandet	(Njord)
Juni	Færøy	(Bjørn)
August	Herland	(Rune)
August	Førdefjorden	(Tore)
September	Nærøyfjorden	(Priscila)

Men denne sesongen blei det berre turar på våren. August og septemberturen fekk for få deltakarar. Sommerleiren som var planlagt i august på Herland, måtte vi avlysa då garden der campen skulle ligge, vart lyst ut for sal.

Kurs

Kursaktiviteten har vore upåklageleg siste året. Ein ting er at talet på deltakarar stadig aukar, men det har og vore ein markant auke i typane kurs. Eg trur vi skal vere særskilt nøgde med det nivået vi har kome på.

Turleiarkurs

Vårturen til Stavøy var og stad for eit kurs for dei som kunne tenke seg å bli turleiarar. Eit svært vellukka kurs, blir det sagt i tilbakemeldingane og absolutt noko vi bør gjennomføre til våren og. Leiarar for kurset var Roald og Petter Erik. Takk til Geir som også i år sytte føre at vi fekk leige hytta til vegvesenet.

Introkurs

Nytt av året, har vore å tilby gratis introkurs for nye padlarar. Dette har vore svært vellukka og særleg Bjørn og Geir har hatt eit stort tal nye gjennom det to-tre timer lange kurset.

Grunnkurs i havpadling

Det vart arrangert tre grunnkurs i havpadling i Førde/Naustdal og eit ved Grotlesanden i Bremanger. Rune var instruktør på alle kura.

Grunnkurs i elvepadling

Det vart i 2004 for fyrste gong arrangert grunnkurs i elvepadling. Frode Ellingsen frå Bergen/Voss og Ole Jakob Sande frå Sande var instruktørar for 12 deltakarar. Dette er nok berre starten. Det har blitt ei solid gruppe i klubben som no driv med elv og mange har meldt interesse for kurs. Så vi må nok til med nye til sommaren.

Kurs for Veileder i havpadling

Dette er eit eksternt kurs i regi av NPF for utdanning av instruktørar. Roald og Rune har tidlegare gjennomført dette kursopplegget. Denne sommaren har Bjørn og Kjetil også begynt. Dette fører til at vi er svært godt dekka med instruktørar i klubben. Vi ynskjer Bjørn og Kjetil lukke til vidare med kurset som blir avslutta med eksamen i 2005.

Elvepadling

Siste året har elvepadlinga tatt av i klubben. Fleire har drive på og etter kurset i juli tok det skikkeleg av. Øystein N., Anh Loan og Kjetil har også kura seg utanfor klubben. I tillegg har Geir Inge som er ny i klubben, busett i Bergen men tilhøyrande her, drive mykje med elv og har erfaring som instruktør i elv. Så det gror folkens.

7. DRIFT AV KLUBBEN

I 2004 hadde vi ein auke i medlemsmassen på nesten 100%. Interessa for klubben er såleis upåklageleg. Alle har ikkje vore like aktive på dei ulike aktivitetane, men det markerer ein trend i tida med aukande interesse for padling.

Samarbeid med Psykiatrisk Klinikk (PK)

SKK, saman med turlaget, Høyanger klatrekklubb m.fl., har blitt inviterte med på eit prosjekt i regi av PK og Sogn og Fjordane Idrettskrins der ein tek sikte på å få personar med rusproblematikk aktiviserte gjennom fysisk aktivitet. Eit grunnkurs for deira folk har blitt arrangert (Grotlesanden) og det verkar som det ere stor interesse for padleaktiviteten. Samarbeidet har resultert i at dei har investert i ein toar-kajakk med utstyr og den kan brukast av klubben sine medlemmar.

Heimesida

Vi kjøper framleis heimeside gjennom n3sport. Samstundes som vi har fått mykje skryt for sida, er den etter mange si meining, lite brukarvenleg. Men denne versjonen, som er den billegaste, ca 1500 kr/år, gir ikkje høve til å gjere den betre/enklare. Viss vi klarer å få til å få laga ei eiga side, så er det i styret stemning for å gå for det.

Rekneskap

Vi driv rekneskapen i klubben etter beste evne. Takk til Tove som har brukt tid på å halde orden på finansane. Ho har full styring på det som skjer, men likevel byrjar rekneskapen å bli så omfattande og samansett at det hadde vore avlastande å få inn nokon med erfaring innan rekneskap. Så er du der, blir vi glade om du melder deg.

8. ØKONOMI

Den økonomiske ståa i klubben har utvikla seg frå svak til ganske god i løpet av året. Dette kjem mest av auke i medlemsmassen og utelege av kajakkane og av garasjen for kajakkbasen (kajakkbasen er eigd av FYK).

Det ser no ut til at vi får tilskotet til naustet gjennom tippermidlane som vi har søkt om og det utgjer heile 147.000 kroner. Viss so går i orden, blir jo det ein merkestein i SKK si historie som vil utløyse stor aktivitet.

Viser elles til Resultat og Ballanse. Pga søknaden om tippermidlars, har naustet også i år eige rekneskap.

Mottekne midlar

Klubben fekk også i 2004 kroner 2000 i kulturmidlar frå Førde kommune.

Vi fekk og 8000 kroner av Berge & Co til dekking av kostnaden ved å få heimesida fri for reklame i 2003 og 2004.

9. UTSTYR

Det vart i 2004 behov for relativt små investeringar. Det gjekk litt til naustet og litt til reparasjonsutstyr for kajakkane.

Det har blitt kjøpt inn ein toar-kajakk med utstyr og den er svært stødig og god. (Jfr. pkt. 7)

10. OPPGÅVER FOR ÅRET 2005

Det blir å jobbe vidare med sakene i punkt fem.

Viss vi får tippermiddel-tilskotet, blir det sjølv sagt ei viktig oppgåve å bestemme korleis desse midlane skal brukast.

Førde 27.01.2005

Rune Berge

(leiar i skk)